



MØTEBOK

Organ	Fagopplæringsnemnda
Møtestad	Førde, Storehagen - møterom Haldbrend
Møtedato	29.10.2019
Kl.	15:00 – 16.15

Faste medlemmer til stades:

Tom Knudsen (NHO) leiar
Nils P. Støyva (LO)
Karen Marie Hjelmeseter (HNK)
Henrik Oppen (HO)
Jasmin Eminovic (Lærarorg.)
Festus Kwizera (elevrepr.)
Gunnlaug Olsvoll Røed (KS) **deltok på video**

Forfall til møtet:

Hildegunn Tretteteig (YS)
Eli Grov Østerbø (LO)
Elisabeth Solhaug (lærlingrepr.)
Hans-Jacob Sunde (VIRKE)

Varamedlemmer til stades:

Ingen vararep. hadde høve til å møta

Til stades med møte- og talerett:

Fylkesdirektør Bekka Skaasheim
Roald Standnes (repr. opplæringskontora)

Sekretariat for møtet:

Teamleiar Sissel Brusegard

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Utvalet vedtok ope møte.

Fagopplæringsnemnda valde møteleiar og Nils Støyva til å godkjenne møteboka på vegner av organet.

SAK 6/19 Opplæringstilbudet for skuleåret 2020-21

Saka vart lagt fram utan tilråding

Endringsframlegg:

Fagopplæringsnemnda kom med følgjande framlegg til vedtak:

Fagopplæringsnemnda rår hovudutvalet for opplæring og kompetanse i Vestland fylkeskommune til å gjere slikt vedtak:

Fagopplæringsnemnda i Sogn og Fjordane vurderer dimensjoneringa av det samla opplæringstilbudet i Sogn og Fjordane for skuleåret 2020 - 2021. Tilbod på einskildskular vert såleis ikkje vurdert og kommentert i denne fråsegna. Fagopplæringsnemnda i Sogn og Fjordane har i denne saka berre gjort vurderingar av tilbodet i Sogn og Fjordane. Vi seier ikkje noko om tilboda i Hordaland eller det samla opplæringstilbudet i Vestland fylkeskommune.

Arbeidsutvalet i fagopplæringsnemnda har hatt fellesmøte med opplæringskontora i Sogn og Fjordane. Synspunkta og innspela frå opplæringskontora og bransjen er ein viktig del av vurderinga som ligg til grunn for fagopplæringsnemnda si innstilling. Det er viktig at den gode dialogen mellom fagopplæringsnemnda, opplæringskontora og bransjen vert vidareført i Vestland fylkeskommune.

1. Dimensjonering

Ved dimensjonering av dei utlyste tilboda er det særskilt viktig å sjå på behova for faglært arbeidskraft i arbeidslivet og tilgangen på læreplassar. Dette må vektleggast framfor elevane sine ynskje. Innspela frå nærings- og arbeidslivet, opplæringskontora m.m. viser framleis behov meir faglært arbeidskraft på nokre område.

Trong for meir faglært arbeidskraft.

I skuleåret 2019-20 vart det bra samsvar mellom utlyst tilbod i yrkesfag og søknad til dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane. Den auka søknaden til yrkesfaga imøtekom det auka behovet for faglært arbeidskraft i næringslivet. Søknaden til yrkesfag i skuleåret 2019/2020 utgjorde 55,2 % av den totale elevmassen i vidaregåande skulen i fylket. I nasjonal samanheng er Sogn og Fjordane eit av dei fylka i landet med størst søknad til yrkesfag.

På bakgrunn av tilbakemeldingar frå opplæringskontora og arbeidslivet er det framleis behov for auka kapasitet ved fleire av utdanningsprogramma. NHO sitt kompetansebarometer viser same behovet. LO og NAV har same vurderingane. Ut frå innspela til fagopplæringsnemnda er det behov for nokre ekstra grupper på vg1. Skal vi oppfylle behova for meir faglært arbeidskraft, må endå fleire søkje yrkesfag framfor studiespesialisering. Eit anna alternativ er å utnytte potensiale innan vaksenopplæringa. I åra framover vil det bli endå større utfordringar å skaffe nok faglært arbeidskraft til arbeids- og næringslivet i fylket. Samstundes veit vi at elevtala går ned.

I dei faga der søkjarane ikkje får læreplass må fylkeskommunen tilby vg3 i skule. Arbeidet med å auke tal læreplassar må halde fram, slik at ein i liten grad må etablere desse tilboda. Dersom tilbod skal aukast må det vere ein føresetnad at der er tilgang på læreplassar i fag.

Det vert tilrådd at eksisterande utlysingspraksis **blir vidareført** ved at tilbod som ikkje er igangsett inneverande **skuleår** vert lyst ut på nytt jf. sak 7/2019 den 27.03.2019 i hovudutvalet for opplæring.

Fagopplæringsnemnda vil peike på følgjande behov ved utlysing og dimensjonering av utdanningstilbudet for 2020 - 2021:

Bygg - og anleggsteknikk: Dette fagområdet bør lysast ut med ei gruppe ekstra på vg1 for skuleåret 2020 - 21. Bakgrunnen for dette er det auka behovet for lærlingar og arbeidskraft på området. Det har vore ein fin auke i tal læreplassar i dette faget dei siste åra. Ut frå det opplæringskontora skriv er det grunnlag for å auke opp med ei endå ei gruppe på vg1. Det blir også påpeika behov for ein

auke med ei gruppe i vg2 anleggsteknikk og anleggsgartner. Fagopplæringsnemnda ber om at det funne ei løysing for dette behovet. Utover dette bør vg2 tilbodet vere som i dag.

Elektrofag: Tilgangen på lære plassar er i knappaste laget. Det måtte difor opprettast ei ekstra gruppe i vg3 dette skuleåret. Likevel seier fleire opplæringskontor at dette faget bør utlysast med ei ekstra gruppe på vg1. Grunngevinga er stor trong for arbeidskraft. Det vert også argumentert med kryssløp. Men på bakgrunn av tilgangen på lære plassar, er det vanskeleg å tilrå å lyse ut ei ekstra gruppe på vg1. På vg2 bør utlysinga vere som i dag.

Teknikk og industriell produksjon:

Inntaket på vg1 TIP vart auka med ei gruppe siste skuleår. I dette faget er det ei strukturendring der transport- og logistikk som vert ein del av TIP. Fleire opplæringskontor påpeikar at det er ein aukande etterspørsel etter fagpersonar frå vg2 industriteknologi. Det er gledeleg etter nedturen dette faget hadde for eit par år sidan. Det er god tilgang på lære plassar i dette faget. På bakgrunn av dette bør det opprettast ei ekstra gruppe i vg1 TIP. Dette for å kunne imøtekome den auka etterspørselen er fagpersonar frå vg2 industriteknologi neste skuleår.

Transport- og logistikk: Dette faget er lagt inn under TIP i samband med ny struktur. Også på dette fagområdet er det stort behov for arbeidskraft. Innspel frå opplæringskontora og arbeidslivet seier det er behov for tre grupper i fylket slik som i dag. Det er god tilgang på lære plassar og det har vore veksande søkjartal. Det vert tilrådd å lyse ut dette tilbodet med tre grupper som i dag.

Helse - og oppvekstfag: Det har vore god søkning til dette faget dei siste åra. Tal lære plassar har auka i kommunane, men framleis er det nokre kommunar som ikkje tek inn lærlingar. Helse Førde har teke inn seks lærlingar i helsefagarbeidarar i 2019. Som ei følgje av at det er i knappaste laget med lære plassar, er det dette året sett i gang ei vg3 i faget. Det utlyste tilbodet i 2020/2021 bør vere det same som for sist skuleår.

Restaurant - og matfag: Ingen endringar i tal utlyste grupper for skuleåret 2020/2021. Det er stort behov for fagarbeidarar på området. Trass i at fylkeskommunen har satsa på faget, har det diverre vore svak søknad til faget dei siste åra.

Maritime fag/Naturbruk: Opplæringskontoret og arbeidslivet melder om auka behov for arbeidskraft og lærlingar i maritime fag. Siste åra har det vore god søknad på dette fagområde. På bakgrunn av synspunkt frå opplæringskontoret og næringa, bør vi auke opp inntaket med ei halv gruppe vg1 for skuleåret 2020/2021, blå retning.

2. Mobilitet hjå elevane og arbeidslivet

Ein lære plass er å sjå på som eit ordinært arbeid. Å ta til i lære er for mange den første arbeidspraksisen. Det er difor viktig å ha mobilitet og takke ja til ein lære plass sjølv om ein må flytte på seg. I tettstadane i fylket har det dei siste åra vore mangel på lære plassar. Mens det i kommunar og verksemder som ligg i meir griskrendte strøk, har mange lære plassar stått ledige. Det er difor viktig at søkjarane til lære plassar viser større mobilitet enn i dag.

Næringslivet og andre arbeider ofte for å få oppretta linjer og nye tilbod ved sin eigen "nærskule". Alle skular kan av faglege omsyn ikkje ha tilbod om alle linjer. Ofte kan ein få inntrykk av at **bedriftene** er mindre interessert å ta inn lærlingar og faglært arbeidskraft som har teke utdanninga på naboskulen. Adressa til lærlingen blir i mange samanhengar vektlagt framfor faglege kunnskap til einskilde søkjar. Desse problemstillingane har også Kunnskapsministeren teke opp i fleire innlegg og talar.

3. Marknadsføring av tilbod

Fleire av utdanningsprogramma og faga slit med å få nok søkjarar til fylle opp dei utlyste gruppene. Døme på dette er frisørfag og mat- og restaurantfag. Nærings- og arbeidslivet i fylket og landet vårt etterspør meir faglært arbeidskraft innanfor ei rekkje bransjar. Mat- og restaurantfag er eit fag med mangel på arbeidskraft. Mangel på faglært arbeidskraft er ein av hovudgrunnane til bedriftene ikkje kan vekse eller ta nye oppdrag. I nokre bransjar er det stor "import" av arbeidskraft frå utlandet. Andre bransjar har greidd å få fleire søkjarar til sine fagområde dei siste åra. Transport og logistikk er eit godt døme på dette. Kjemi og prosessfag i Årdal er eit anna fag som har fått eit løfte i søkjartala etter godt samspel mellom skule, opplæringskontor og bedrifter. Det er viktig at arbeidslivet, skulane og opplæringskontora brukar ressursar til gjere dei ulike tilboda betre kjende for elevane. Særleg har arbeidslivet eit stort ansvar på dette området. Dette kan gjerast gjennom utplassering, arbeidsplassbesøk utdanningsmesser mm. Meir aktiv profilering, marknadsføring og

framsnakking er difor viktig. Denne marknadsføringa må også kunne gjennomførast utanfor den kommunen eller regionen der tilbodet/skulen er lokalisert.

4. Samarbeid mellom dei vidaregåande skulane

Sogn og Fjordane har etter politiske vedtak ein desentralisert struktur på den vidaregåande skulen. Sidan skulane er relativt små, kan ikkje dei ulike skulane ha alle tilbod innan yrkesfaga. Difor må skulane spesialisere seg på nokre fagområde.

Elevgrunnlaget tilseier at det ikkje er mogeleg å utvikle svært mange tilbod på dei ulike skulane. Difor er det viktig at dei vidaregåande skulane utviklar og styrkar samarbeidet. Dette har blitt betre dei siste åra, men det kan framleis utviklast. Dette er særleg viktig innan yrkesfaga. Ved å vidareutvikle samarbeidet mellom skular og arbeids- og næringsliv, og samstundes utnytte moglegheitene i kryssløp, vil det vere med på å sikre arbeidslivet tilgang på kvalifisert arbeidskraft. Samarbeidet må skje både innan undervisning og mellom dei ulike fagområda ved skulane. Det er i dag stor konkurranse på ulike nivå mellom skulane. Av og til kan dette gje uheldige og utilsikta utslag. Det må difor arbeidast aktivt for å oppnå ein endå betre samarbeidskultur mellom dei ulike skulane.

5. Endringar i den yrkesfaglege strukturen – nye fag

Ved Eid vidaregåande skule har det vore eit nasjonalt tilbod i industriell møbelproduksjon. Dette tilbodet går ut med den nye strukturen frå 2020/2021. Frå arbeidslivet i Nordfjord har det kome innspel på behov for eit opplæringstilbod tilpassa møbelindustrien i Nordfjord og på Sunnmøre. Det er framleis mange bedrifter og arbeidsplassar knytt møbel- og treindustrien i dette området av fylket. Den vidaregåande skulen på Eid har oppdatert og moderne utstyr og gode lærekrefter på området. For å møte behovet for møbelsnekkjarar og anna arbeidskraft innan denne industrien, ber fagopplæringsnemnda om at det vert oppretta eit 1 + 3 løp ut frå utdanningsprogrammet Design og tradisjonshandverk.

6. vg4 påbygging til generell studiekompetanse

Fagopplæringsnemnda er nøgd med at det er oppretta plassar for vg4 ved dei skulane som har vg3 påbygg. Fagopplæringsnemnda rådar til at dette vert vidareført på same måten som for skuleåret 2019/20 for å sikre retten til studiekompetanse for dei med fag- og sveinebrev.

7. Skeiv kjønnsfordeling på yrkesfaga

Kjønnsdelt søknadsmønster

Tabellen under viser tal søkjarar til yrkesfag fordelt etter kjønn i skuleåret 2017/2018. Tabellen viser primærsøkjarar med ungdomsrett. Tala i dag er om lag dei same i dag.

	Kvinn. søkjarar	% fordeling	Mannl.søkjarar	% fordeling	Sum søkjarar
Elektrofag, El	13	7,6 %	159	92,4 %	172
Bygg- og anleggsteknikk, BA	5	3,7 %	129	96,3 %	134
Design- og handverk, DH	15	75,0 %	5	25,0 %	20
Teknikk og industriell produks	15	8,6 %	159	91,4 %	174
Servive- og samferdsel, SS	32	36,0 %	57	64,0 %	89
Helse- og oppvekstfag, HS	214	83,3 %	43	16,7 %	257
Naturbruk, NA	24	46,2 %	28	53,8 %	52
Restaurant- og matfag, RM	19	65,5 %	10	34,5 %	29
SUM	337	36,4 %	590	63,6 %	927

Som vi ser av tabellen er søknadsmønsteret svært skeivt med tanke på kjønn. Gutane søker elektro, TIP samt bygg- og anleggsteknikk. Jentene søker helse- og oppvekstfag samt design og handverk. Det er svært uheldig med eit så skeivfordelt søkjarmønster. Skeivfordelinga har ikkje blitt betre dei siste åra. All erfaring viser at arbeidsmiljøet og produktiviteten i arbeidslivet og kommunane blir betre om kjønnsbalansen på arbeidsplassane vert betre.

Vi er komne svært langt i arbeidet med likestilling på mange område i samfunnet. Men i val av utdanningsretning har vi framleis ein lang veg å gå. Viktige stikkord i for å få ein betre kjønnsbalanse i utdanningsvala er informasjon og haldningsskapande arbeid. Skulane har eit særskilt ansvar for dette.

8. Overgang til Vestland fylkeskommune

Fagopplæringsnemnda i Sogn og Fjordane har kome tidleg inni sakene om utlysning og dimensjonering av utdanningstilbodet. Før nemnda har behandla tilbodet, har det vore møte mellom opplæringskontora og arbeidsutvalet i fagopplæringsnemnda. På denne måten har nemnda fått lagt tydelege føringar på sakene. I dette arbeidet har tilbakemeldingar frå arbeidslivet og opplæringskontora vore avgjerande for nemnda si tilråding. Gjennom denne arbeidsmåten har administrasjonen og opplæringsutvalet i dei aller fleste sakene teke omsyn til synspunkta og vedtaka i fagopplæringsnemnda. Det er viktig at denne arbeidsmåten blir vidareført i Vestland fylkeskommune.

Avrøysting:

Framlegget frå fagopplæringsnemnda vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fagopplæringsnemnda rår hovudutvalet for opplæring og kompetanse i Vestland fylkeskommune til å gjere slikt vedtak:

Fagopplæringsnemnda i Sogn og Fjordane vurderer dimensjoneringa av det samla opplæringstilbodet i Sogn og Fjordane for skuleåret 2020 - 2021. Tilbod på einskildskular vert såleis ikkje vurdert og kommentert i denne fråsegna. Fagopplæringsnemnda i Sogn og Fjordane har i denne saka berre gjort vurderingar av tilbodet i Sogn og Fjordane. Vi seier ikkje noko om tilboda i Hordaland eller det samla opplæringstilbodet i Vestland fylkeskommune.

Arbeidsutvalet i fagopplæringsnemnda har hatt fellesmøte med opplæringskontora i Sogn og Fjordane. Synspunkta og innspela frå opplæringskontora og bransjen er ein viktig del av vurderinga som ligg til grunn for fagopplæringsnemnda si innstilling. Det er viktig at den gode dialogen mellom fagopplæringsnemnda, opplæringskontora og bransjen vert vidareført i Vestland fylkeskommune.

1. Dimensjonering

Ved dimensjonering av dei utlyste tilboda er det særskilt viktig å sjå på behova for faglært arbeidskraft i næringslivet og tilgangen på læreplassar. Dette må vektleggast framfor elevane sine ynskje. Innspela frå nærings- og arbeidslivet, opplæringskontora m.m. viser framleis behov meir faglært arbeidskraft på nokre område.

Trong for meir faglært arbeidskraft.

I skuleåret 2019-2020 vart det bra samsvar mellom utlyst tilbod i yrkesfag og søknad til dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane. Den auka søknaden til yrkesfaga imøtekom det auka behovet for faglært arbeidskraft i næringslivet. Søknaden til yrkesfag i skuleåret 2019/2020 utgjorde 55,2 % av den totale elevmassen i vidaregåande skulen i fylket. I nasjonal samanheng er Sogn og Fjordane eit av dei fylka i landet med størst søknad til yrkesfag.

På bakgrunn av tilbakemeldingar frå opplæringskontora og arbeidslivet er det framleis behov for auka kapasitet ved fleire av utdanningsprogramma. NHO sitt kompetansebarometer viser same behovet. LO og NAV har same vurderingane. Ut frå innspela til fagopplæringsnemnda er det behov for nokre ekstra grupper på vg1. Skal vi oppfylle behova for meir faglært arbeidskraft, må endå fleire søkje yrkesfag framfor studiespesialisering. Eit anna alternativ er å utnytte potensiale innan vaksenopplæringa. I åra framover vil det bli endå større utfordringar å skaffe nok faglært arbeidskraft til arbeids- og næringslivet i fylket. Samstundes veit vi at elevtala går ned.

I dei faga der søkjarane ikkje får læreplass må fylkeskommunen tilby vg3 i skule. Arbeidet med å auke tal læreplassar må halde fram, slik at ein i liten grad må etablere desse tilboda. Dersom tilbod skal aukast må det vere ein føresetnad at der er tilgang på læreplassar i fag.

Det vert tilrådd at eksisterande utlysingspraksis videreføres ved at tilbod som ikkje er igangsett inneverande vert lyst ut på nytt jf. sak 7/2019 den 27.03.2019 i hovudutvalet for opplæring.

Fagopplæringsnemnda vil peike på følgjande behov ved utlysning og dimensjonering av utdanningstilbodet for 2020 - 2021:

Bygg - og anleggsteknikk: Dette fagområdet bør lysast ut med ei gruppe ekstra på vg1 for skuleåret 2020 - 21. Bakgrunnen for dette er det auka behovet for lærlingar og arbeidskraft på området. Det har vore ein fin auke i tal læreplassar i dette faget dei siste åra. Ut frå det opplæringskontora skriv er det grunnlag for å auke opp med ei endå ei gruppe på vg1. Det blir også påpeika behov for ein

auke med ei gruppe i vg2 anleggsteknikk og anleggsgartnar. Fagopplæringsnemnda ber om at det funne ei løysing for dette behovet. Utover dette bør vg2 tilbodet vere som i dag.

Elektrofag: Tilgangen på læreplassar er i knappaste laget. Det måtte difor opprettast ei ekstra gruppe i vg3 dette skuleåret. Likevel seier fleire opplæringskontor at dette faget bør utlysast med ei ekstra gruppe på vg1. Grunngevinga er stor trong for arbeidskraft. Det vert også argumentert med kryssløp. Men på bakgrunn av tilgangen på læreplassar, er det vanskeleg å tilrå å lyse ut ei ekstra gruppe på vg1. På vg2 bør utlysinga vere som i dag.

Teknikk og industriell produksjon:

Inntaket på vg1 TIP vart auka med ei gruppe siste skuleår. I dette faget er det ei strukturendring der transport- og logistikk som vert ein del av TIP. Fleire opplæringskontor påpeikar at det er ein aukande etterspørsel etter fagpersonar frå vg2 industriteknologi. Det er gledeleg etter nedturen dette faget hadde for eit par år sidan. Det er god tilgang på læreplassar i dette faget. På bakgrunn av dette bør det opprettast ei ekstra gruppe i vg1 TIP. Dette for å kunne imøtekome den auka etterspørselen er fagpersonar frå vg2 industriteknologi neste skuleår.

Transport- og logistikk: Dette faget er lagt inn under TIP i samband med ny struktur. Også på dette fagområdet er det stort behov for arbeidskraft. Innspel frå opplæringskontora og arbeidslivet seier det er behov for tre grupper i fylket slik som i dag. Det er god tilgang på læreplassar og det har vore veksande søkjartal. Det vert tilrådd å lyse ut dette tilbodet med tre grupper som i dag.

Helse - og oppvekstfag: Det har vore god søkning til dette faget dei siste åra. Tal læreplassar har auka i kommunane, men framleis er det nokre kommunar som ikkje tek inn lærlingar. Helse Førde har teke inn seks lærlingar i helsefagarbeidarar i 2019. Som ei følgje av at det er i knappaste laget med læreplassar, er det dette året sett i gang ei vg3 i faget. Det utlyste tilbodet i 2020/2021 bør vere det same som for sist skuleår.

Restaurant - og matfag: Ingen endringar i tal utlyste grupper for skuleåret 2020/2021. Det er stort behov for fagarbeidarar på området. Trass i at fylkeskommunen har satsa på faget, har det diverre vore svak søknad til faget dei siste åra.

Maritime fag/Naturbruk: Opplæringskontoret og arbeidslivet melder om auka behov for arbeidskraft og lærlingar i maritime fag. Siste åra har det vore god søknad på dette fagområde. På bakgrunn av synspunkt frå opplæringskontoret og næringa, bør vi auke opp inntaket med ei halv gruppe vg1 for skuleåret 2020/2021, blå retning.

2. Mobilitet hjå elevane og arbeidslivet

Ein læreplass er å sjå på som eit ordinært arbeid. Å ta til i lære er for mange den første arbeidspraksisen. Det er difor viktig å ha mobilitet og takke ja til ein læreplass sjølv om ein må flytte på seg. I tettstadane i fylket har det dei siste åra vore mangel på læreplassar. Mens det i kommunar og verksemder som ligg i meir griskrendte strøk, har mange læreplassar stått ledige. Det er difor viktig at søkjarane til læreplassar viser større mobilitet enn i dag.

Arbeidslivet og andre arbeider ofte for å få oppretta linjer og nye tilbod ved sin eigen "nærskule". Alle skular kan av faglege omsyn ikkje ha tilbod om alle linjer. Ofte kan ein få inntrykk av at arbeidslivet er mindre interessert å ta inn lærlingar og faglært arbeidskraft som har teke utdanninga på naboskulen. Adressa til lærlingen blir i mange samanhengar vektlagt framfor faglege kunnskap til einskilde søkjar. Desse problemstillingane har også Kunnskapsministeren teke opp i fleire innlegg og talar.

3. Marknadsføring av tilbod

Fleire av utdanningsprogramma og faga slit med å få nok søkjarar til fylle opp dei utlyste gruppene. Døme på dette er frisørfag og mat- og restaurantfag. Nærings- og arbeidslivet i fylket og landet vårt etterspør meir faglært arbeidskraft innanfor ei rekkje bransjar. Mat- og restaurantfag er eit fag med mangel på arbeidskraft. Mangel på faglært arbeidskraft er ein av hovudgrunnane til bedriftene ikkje kan vekse eller ta nye oppdrag. I nokre bransjar er det stor "import" av arbeidskraft frå utlandet. Andre bransjar har greidd å få fleire søkjarar til sine fagområde dei siste åra. Transport og logistikk er eit godt døme på dette. Kjemi og prosessfag i Årdal er eit anna fag som har fått eit løfte i søkjartala etter godt samspel mellom skule, opplæringskontor og bedrifter. Det er viktig at arbeidslivet, skulane og opplæringskontora brukar ressursar til gjere dei ulike tilboda betre kjende for elevane. Særleg har arbeidslivet eit stort ansvar på dette området. Dette kan gjerast gjennom utplassering, arbeidsplassbesøk utdanningsmesser mm. Meir aktiv profilering, marknadsføring og

framsnakking er difor viktig. Denne marknadsføringa må også kunne gjennomførast utanfor den kommunen eller regionen der tilbodet/skulen er lokalisert.

4. Samarbeid mellom dei vidaregåande skulane

Sogn og Fjordane har etter politiske vedtak ein desentralisert struktur på den vidaregåande skulen. Sidan skulane er relativt små, kan ikkje dei ulike skulane ha alle tilbod innan yrkesfaga. Difor må skulane spesialisere seg på nokre fagområde.

Elevgrunnlaget tilseier at det ikkje er mogeleg å utvikle svært mange tilbod på dei ulike skulane. Difor er det viktig at dei vidaregåande skulane utviklar og styrkar samarbeidet. Dette har blitt betre dei siste åra, men det kan framleis utviklast. Dette er særleg viktig innan yrkesfaga. Ved å vidareutvikle samarbeidet mellom skular og arbeids- og næringsliv, og samstundes utnytte moglegheitene i kryssløp, vil det vere med på å sikre arbeidslivet tilgang på kvalifisert arbeidskraft. Samarbeidet må skje både innan undervisning og mellom dei ulike fagområda ved skulane. Det er i dag stor konkurranse på ulike nivå mellom skulane. Av og til kan dette gje uheldige og utilsikta utslag. Det må difor arbeidast aktivt for å oppnå ein endå betre samarbeidskultur mellom dei ulike skulane.

5. Endringar i den yrkesfaglege strukturen – nye fag

Ved Eid vidaregåande skule har det vore eit nasjonalt tilbod i industriell møbelproduksjon. Dette tilbodet går ut med den nye strukturen frå 2020/2021. Frå arbeidslivet i Nordfjord har det kome innspel på behov for eit opplæringstilbod tilpassa møbelindustrien i Nordfjord og på Sunnmøre. Det er framleis mange bedrifter og arbeidsplassar knytt møbel- og treindustrien i dette området av fylket. Den vidaregåande skulen på Eid har oppdatert og moderne utstyr og gode lærekrefter på området. For å møte behovet for møbelsnekkjarar og anna arbeidskraft innan denne industrien, ber fagopplæringsnemnda om at det vert oppretta eit 1 + 3 løp ut frå utdanningsprogrammet Design og tradisjonshandverk.

6. vg4 påbygging til generell studiekompetanse

Fagopplæringsnemnda er nøgd med at det er oppretta plassar for vg4 ved dei skulane som har vg3 påbygg. Fagopplæringsnemnda rådar til at dette vert vidareført på same måte som for skuleåret 2019/20 for å sikre retten til studiekompetanse for dei med fag- og sveinebrev.

7. Skeiv kjønnsfordeling på yrkesfaga

Kjønnsdelt søknadsmønster

Tabellen under viser tal søkjarar til yrkesfag fordelt etter kjønn. Tala viser primærsøkjarar med ungdomsrett.

	<i>Kvinn. søkjarar</i>	<i>% fordeling</i>	<i>Mannl.søkjarar</i>	<i>% fordeling</i>	<i>Sum søkjarar</i>
Elektrofag, El	13	7,6 %	159	92,4 %	172
Bygg- og anleggsteknikk, BA	5	3,7 %	129	96,3 %	134
Design- og handverk, DH	15	75,0 %	5	25,0 %	20
Teknikk og industriell produks	15	8,6 %	159	91,4 %	174
Servive- og samferdsel, SS	32	36,0 %	57	64,0 %	89
Helse- og oppvekstfag, HS	214	83,3 %	43	16,7 %	257
Naturbruk, NA	24	46,2 %	28	53,8 %	52
Restaurant- og matfag, RM	19	65,5 %	10	34,5 %	29
SUM	337	36,4 %	590	63,6 %	927

Som vi ser av tabellen er søknadsmønsteret svært skeivt med tanke på kjønn. Gutane søker elektro, TIP samt bygg- og anleggsteknikk. Jentene søker helse- og oppvekstfag samt design og handverk. Det er svært uheldig med eit så skeivfordelt søkjarmønster. Skeivfordelinga har ikkje blitt betre dei siste åra. All erfaring viser at arbeidsmiljøet og produktiviteten i arbeidslivet og kommunane blir betre om kjønnsbalansen på arbeidsplassane vert betre.

Vi er komne svært langt i arbeidet med likestilling på mange område i samfunnet. Men i val av utdanningsretning har vi framleis ein lang veg å gå. Viktige stikkord i for å få ein betre kjønnsbalanse i utdanningsvala er informasjon og haldningsskapande arbeid. Skulane har eit særskilt ansvar for dette.

8. Overgang til Vestland fylkeskommune

Fagopplæringsnemnda i Sogn og Fjordane har kome tidleg inni sakene om utlysing og dimensjonering av utdanningstilbodet. Før nemnda har behandla tilbodet, har det vore møte mellom opplæringskontora og arbeidsutvalet i fagopplæringsnemnda. På denne måten har nemnda fått lagt tydlege føringar på sakene. I dette arbeidet har tilbakemeldingar frå arbeidslivet og opplæringskontora vore avgjerande for nemnda si tilråding. Gjennom denne arbeidsmåten har administrasjonen og opplæringsutvalet i dei aller fleste sakene teke omsyn til synspunkta og vedtaka i fagopplæringsnemnda. Det er viktig at denne arbeidsmåten blir vidareført i Vestland fylkeskommune.
